



Fitjar kommune
Postboks 83
5418 FITJAR

Saksbehandlar, innvalstelefon

Nicolas J. I. Rodriguez, 5557 2184

Samordna uttale med motsegn - offentlig ettersyn av reguleringsplan for Fitjar sentrum, PlanID201901 (2. gongs høyring)

Vi viser til brev 17.02.2022 frå Fitjar kommune om 2. gongs høyring og offentlig ettersyn av reguleringsplan for Fitjar sentrum. Høyringsfristen var 21. mars 2022, men Statsforvaltaren i Vestland og Fitjar kommune er einige om utsett uttalefrist i saka til etter gjennomført dialogmøte.

NVE har varsla motsegn til planen, jf. brev 10.03.2022. Det blei gjennomført synfaring og dialogmøte mellom Fitjar kommune, Norges vassdrags- og energidirektorat og Statsforvaltaren i Vestland, torsdag 12. mai 2022.

Føremålet med planarbeidet

Fitjar kommune har utforma eit forslag til plan for Fitjar sentrum. Planforslaget er ein områdereguleringsplan, men vil for nokre områder ha funksjon som ein detaljreguleringsplan. Planen har fått namnet «Reguleringsplan for Fitjar sentrum. Områdeplan m/ detaljregulering for enkelte utbyggingsområde». Planområdet dekkjer eit areal på om lag 315 daa, der ca. 139 daa er landareal og ca. 176 daa er sjøareal. Fitjar kommune viser i forslaget til at «kommunestyret har definert sentrumskjernen av Fitjar til å vera mellom krysset ved Engevik og Tislevoll til Fitjar kultur- og idrettsbygg (FKIB). Ei strekning på omlag 900 m. Dei aller fleste største kommunale institusjonane og bedriftene er i, eller i gangavstand til sentrum».

Statleg samordning

Statsforvaltaren har mottatt brev 10.03.2022 frå Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE), som varslar motsegn mot planen.

Grunnlaget for motsegna frå NVE er at flaumfare er ikkje tilstrekkeleg kartlagt og teke omsyn til i planframlegget, og at planen legg til rette for utfylling i Fitjarelva sitt utløp på ein måte som gjev uakseptable konsekvensar for ålmenne interesser i vassdraget i høve til dei fordelane utfyllingane gjev. Motsegna er forankra i NVE rettleiar 2/2017. Vi viser elles til motsegna frå NVE i sin heilskap.

Utvida dialog med kommunen

I tråd med rutinane for samordning av statlege motsegner har Fitjar kommune, Norges



vassdrags- og energidirektorat og Statsforvaltaren ønska eit dialogmøte om planen, før det vert tek stilling til om det lyt fremjast motsegn. Vestland fylkeskommune blei også invitert med i dialogmøtet.

Møte vart halde torsdag 12. mai 2022 kl. 10:00-15:00. Synfaring blei gjennomført i Fitjar sentrum, og dialogmøtet blei gjennomført i rådhuset.

Til stades frå Fitjar kommune:

Harald Rydland, ordførar
Sigurd André Maraas, varaordførar
Gjermund Hagesæther, kommunedirektør
Svein Dale Soleng, assisterande kommunedirektør
Øystein Sørli, avdelingsleiar for plan og utvikling

Til stades frå Vestland fylkeskommune:

Gunnbjørg Austrheim, seniorrådgjevar
Heidi Handeland, seniorrådgjevar

Til stades frå Norges vassdrags- og energidirektorat:

Toralf Otnes, senioringeniør
Bård Andreas Selstad Ottesen, seniorrådgjevar

Til stades frå Statsforvaltaren i Vestland:

Egil Hauge, seksjonsleiar (møteleiar)
Nicolas J. I. Rodriguez, seniorrådgjevar (referent)

Møte på rådhuset og synfaring i Fitjar sentrum

I samband med dialogmøtet inviterte Fitjar kommune til ei synfaring av delar av planområdet. Ordførar ønskte partane velkomen til møtet og synfaringa. Kommunen presenterte hovudtrekka i reguleringsplanen for Fitjar sentrum. Norges vassdrags- og energidirektoratet presenterte deretter hovudpunkta i motsegna før synfaringa. Synfaringa føregjekk i Fitjar sentrum frå Larsen, kaifronten, Fitjarelva, og attende til rådhuset. Dialogmøtet med drøfting av planforslaget blei gjennomført etter synfaringa.

Tema som vart drøfta i dialogmøtet

Statsforvaltaren ønska velkommen til dialogmøte. Det blei orientert om føremålet med statleg samordning av motsegner.

Motsegna frå Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE) til reguleringsplanen for Fitjar sentrum blei drøfta. NVE viste til at områdereguleringsplanen for Fitjar sentrum må avklare reell flaumfare og faresoner må innarbeidast i plankartet som H320 flaumfare. Fitjar kommune vil ta omsyn til motsegna på dette punktet og ønskjer å arbeide vidare med dette temaet i planen.

NVE fremjer også motsegn til områdereguleringsplanen for Fitjar sentrum fordi planen legg til rette for utfylling i Fitjarelva sitt utløp på ein måte som gjer at ulempene for ålmenne interesser i vassdraget er større enn fordelane.

Statsforvaltaren i Vestland la deretter fram sine synspunkt på planen. Det blei vist til at Fitjarelva har stor verdi som økologisk funksjonsområde for fisk etter lakse- og innlandsfiskelova. Brakkvannsdeltaet er eit viktig naturtype for ulike artar, og har ei viktig tyding for sjøauren i Fitjarelva. Det blei vidare vist til at det er få intakte elvedelta igjen i dette området. Statsforvaltaren



hadde vidare spørsmål til utlegging av området ytst på Hegraneset til bustadføremål, og hadde spørsmål gjeldande omdisponering av areal i strandsona til kombinerte føremål bustad/naust.

Fitjar kommune viste til at motsegna kunne føre til at planarbeidet stansa opp. Kommunen understreka at dei har nytta mykje tid på planarbeidet, og at dei opplevde at planarbeidet er blitt møtt på ein positiv måte i lokalsamfunnet.

Fylkeskommunen har ikkje motsegn til planen, men har gjeve planfaglege råd. Vestland fylkeskommune viste til fråsegna deira til reguleringsplanen, og la vekt på tydinga av å ivareta særpreget og kulturmiljøet i Fitjar sentrum.

Konklusjon

Motsegna frå NVE vart ikkje løyst i dialogmøtet. Statsforvaltaren vurderer at motsegna frå NVE er fremma til rett tid og har ikkje merknader til forankring av motsegna. Motsegna frå NVE blir ikkje avskoren av Statsforvaltaren. Statsforvaltaren skal i samband med planar sjå til at nasjonale og vesentlege interesser på miljøområdet blir ivaretatt. Den samordna uttalen med motsegn inneber at planen ikkje kan vedtakast av Fitjar kommune på noverande tidspunkt og slik planen no ligg føre. Statsforvaltaren si vurdering av planforslaget og grunngjeving for motsegn følgjer vidare her i brevet.

Statsforvaltaren si vurdering av planforslaget og grunngjeving for motsegn

Statsforvaltaren i Vestland har gjeve uttale til oppstartsmelding i brev datert 02.12.2019, uttale til ny melding om oppstart i brev datert 31.03.2020 og uttale til offentleg ettersyn (1. gongs høyring) i brev datert 12.07.2021.

Ved 1. gongs høyring av reguleringsplanen varsla Fitjar kommune at konsekvensutgreiing for naturmangfald ved munninga av Fitjarelva og flaumsonekartlegging av Fitjarelva var under utarbeiding, men skulle leggjast ved i samband med 2. gongs høyring. I uttalen, 12.07.2021, viste statsforvaltaren til: *«Planutkastet som føreligg manglar viktig grunnlagsdokumentasjon. For at vi skal kunne gjere ei fullstendig vurdering av reguleringsplanen sine verknader, er vi avhengig av at dei nødvendige utgreiingane føreligg. Avgjerdsrelevant kunnskap må innarbeidast i planutforminga, føresegner og plankartet. Statsforvaltaren kan ut frå det som er sagt ovanfor ikkje utelukke at planen vil vere i strid med nasjonale eller viktige regionale omsyn og at vi kan måtte vurdere det som naudsynt å fremme motsegn. Dersom dei momenta som vi har trekt fram vert lagt til grunn og handterte i planarbeidet, vil Statsforvaltaren kunne vurdere planen sine verknader i høve til vårt sektoransvar ved offentleg».*

I møtet i regionalt planforum, 23.02.2021, tok vi opp spørsmålet om Fitjar kommune kunne ivareta naturelement, naturtypar i sjø/ vassdrag og i strandsona utan omfattande tilrettelegging og utfylling, og samstundes oppnå føremålet om allmenn tilrettelegging på anna vis. I vår uttale, 12.07.2021, viste vi vidare til at utfylling som kanalisere elvemunninga til Fitjarelva vil vere konfliktfylt.

Med omsyn til nasjonale interesser knytt til naturmangfald, strandsoneverdiar og økologisk funksjonsområde for anadrom fisk, finn vi det naudsynt å rette motsegn til reguleringsplanen. Vi gjev ei nærare grunngjeving for motsegna i slutten av dette brevet.

Her følgjer vår vurdering av planforslaget:

Planforslaget legg opp til ny sentrumsutvikling – mellom anna blir det lagt opp til fortetting og meir bustadbygging i strandsona kring Fitjarvika. Delar av planforslaget er i strid med overordna plan, t.d. blir det opna opp for bustader ytst på Hegraneset, innanfor areal sett av til «næringsverksemd» i



KPA, område som er sett av til «andre typar anlegg» (merka «N» i plankartet) i KPA blir føreslått endra til kombinert føremål med naust/ bustader BKB3-5, og areal sett av til BKB17 er lagt til areal som er sett av til «landbruks-, natur- og friluftsområde» (LNF) i KPA. Vi meiner at det burde ha blitt drøfta og gjort nærare greie for vesentlege avvik mellom planforslaget og overordna planar. Særleg burde konsekvensar av å endre arealføremål og samla verknader av planforslaget blitt nærare belyst.

Utgreiingsnivå

I samband med planen er det gjennomført ROS-analyse og ei forenkla konsekvensutgreiing. Kommunen vurderer det slik at områdeplanen i sin heilskap ikkje utløyser ei eiga konsekvensutgreiing, men at der planen har hatt behov for eit styrka kunnskapsgrunnlag så er det innhenta eksterne konsekvensutgreiingar. Fitjar kommune viser i planskildringa, s. 13, til at planen ikkje får vesentlege verknader for miljø og samfunn bortsett frå:

«

- *Utfylling i sjø på strekningen "Larsenbygget" - til grense ved Fitjarelva*
- *Endring frå formål naust til naust/ bustad i område «Naustmiljøet».*
- *Delar av området Hegraneset ei endra formål frå næring, til næring, LNF og bustad på kvar sine føremålsområde».*

Statlege planretningslinjer for samordna bustad-, areal- og transportplanlegging stiller krav om at det skal takast omsyn til «overordnet grønnstruktur, viktig naturmangfold (inkludert landskap), god matjord, kulturhistoriske verdier og estetiske kvaliteter». I samband med 2. gongs høyring følgjer det med ei konsekvensutgreiing av naturmangfold og ei verdivurdering av naturmangfold, som gjeld planlagt utfylling i elvemunninga til Fitjarelva. Multiconsult har gjennomført ei flaumfarekartlegging. I tillegg er det gjennomført ei risikovurdering av forureina sediment.

I planskildringa (januar 2022), s. 12, er det gjennomført ei vurdering av konsekvensutgreiingsforskrifta § 6 b. Vi meiner at det burde ha blitt gjort ei grundigare vurdering av behovet for konsekvensutgreiing. Planskildringa, s. 12, viser til at områdeplanen sine formål «er i det alt vesentlege i tråd med gjeldande kommuneplan». Men områdeplanen gjeld i realiteten ei større endring av arealføremål og fortetting i Fitjar sentrum. Endringar av arealføremål og fortettinga i sjøfronten langs Fitjarvika blei ikkje gjort greie for i samband med konsekvensutgreiinga som blei gjennomført i samband med utarbeiding av arealdelen for kommuneplanen for Fitjar kommune 2011-2012 (KPA), jf. «Kommuneplan Fitjar; arealdelen 2011-2022. Vedlegg 1: Konsekvensutgreiing. Dokument til 2. gongs offentleg ettersyn etter vedtak i styringsgruppa den 18. april 2012; sak PS 52/12 (Dokumentdato: 20.04.2012)».

Kommunal- og distriktsdepartementet har utforma ein rettleiar for konsekvensutgreiingsforskrifta: <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/veileder-om-konsekvensutredning-for-planer-etter-plan-og-bygningsloven/id2864622/>

Vi viser til rettleiaren «Konsekvensutredninger for planer etter plan- og bygningsloven» (29.06.2021), s. 11-12, avsnitt 1.6, der konsekvensutgreiingsforskrifta § 6b blir gjort nærare greie for:

«Bestemmelsene i §§ 6 b og 8 a, setter to vilkår til når et unntak fra KU-plikt kan påberopes for en reguleringsplan. Det konkrete tiltaket (dvs. prosjekttiltaket som beskrevet i reguleringsplanen) må ha vært utredet på et tiltaksnivå tidligere (se pkt. 1.1 siste avsnitt), og reguleringsplanen for tiltaket må være i samsvar med denne tidligere planen. Unntaket gjelder ikke dersom det bare er gjort en overordnet



konsekvensutredning for omdisponering av arealer til utbyggingsformål, for eksempel i forbindelse med revisjon av kommuneplanens arealdel».

Vedlegg I nr. 25 i konsekvensutgreiingsforskrifta viser til «Nye bolig- og fritidsboligområder som ikke er i samsvar med overordnet plan». I rettleiaren om konsekvensutgreiingar (29.06.2021). s. 40, drøftar kommunal- og distriktsdepartementet dette utgreiingstemaet nærare. Forslaget frå Fitjar kommune drøftar ikkje om det er behov for konsekvensutgreiing ved endring av arealføremål til bustadområde. Det er relevant for planarbeidet å ta stilling til konsekvensutgreiingss spørsmålet allereie på områdeplannivå.

Vidare viser departementet, s. 41, til at: «Etablering eller regulering av mindre boligområder som ikke er omfattet av denne bestemmelsen, og som er en del av sentrumsutvikling i byer og tettsteder, vil kunne omfattes av vedlegg II nr. 10 bokstav b, dersom reguleringen vil medføre negative virkninger for miljø eller samfunn». Forslaget frå Fitjar kommune til reguleringsplan drøftar heller ikkje vedlegg II nr. 10 bokstav b, og tek ikkje stilling til om nr. 10 bokstav b har relevans for planarbeidet. Vårt råd er at planforslaget må drøfte og avklare behovet for ytterlegare konsekvensutgreiing, og ta stilling til verknadene for miljø og samfunn. Ansvarleg myndigheit skal, på bakgrunn av høyringa og eigne vurderingar, ta stilling til om konsekvensutgreiinga er i samsvar med krava i kap. 5, eller om det er behov for tilleggsutgreiingar eller ytterlegare dokumentasjon, jf. konsekvensutgreiingsforskrifta § 27. I planskildringa, avsnitt 5.1, blir det vist til SSBs statistikk (2019) for folketalsutviklinga 2011-2019 og framskrivingar fram til 2040. Det ville også ha vore naturleg å drøfte det reelle behovet for meir areal til bustadføremål innanfor områdeplanen sett i lys av areal som allereie er sett av til bustadføremål i kommunen.

Det er gjennomført volum- og stadanalyse, og det er gjennomført ei ordinær utgreiing etter plan- og bygningslova. Det er også vurdert alternativ for bygg med utgangspunkt i volum- og stadanalysen. For nokre av areala er i områdeplanen er det stilt krav om etterfølgjande detaljplan, t.d. B8, BKB6-8, 12-13 og 17-20, BU1, KI1, B1-B7 og B9-10 (for nye tiltak over 50 m²), H1 og BFS1. For andre utbyggingsareal er det ikkje stilt krav om detaljplan, t.d. BKB3-5, BKB9-11, BBB1 og BKB16. På s. 30 i planskildringa blir det skrive at det for område D skal vere «*detaljregulering for plassering og form på bygga*». Men i føresegnene for BKB3-5 er det til dømes berre krav om situasjonsplan. Likevel er det slik at føresegnene generelt blir for opne og det vil vere mindre styring med det samla resultatet av utbyggingsmønsteret, byggtypar og byggutforming innanfor plan. Vi meiner dette er uheldig med omsyn til landskap, bu-kvalitetar, kulturmiljø og allmenne interesser.

Planlegging i sjøområdet og strandsonerearealet langs sjø

Fitjar kommune ønskjer med denne reguleringsplanen å opne opp sentrum meir mot sjøen og skape eit «*attraktivt, tilgjengeleg og trygg sjøside i sentrum*». I reguleringsplanen ønskjer kommunen å leggje til rette for ei styrka utvikling og meir bustadutvikling. Fitjar kommune har også fått utarbeidd ei stadanalyse for planområdet. I «*Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2019-2023*» blir det vist til tydinga av at kommunen vurderer arealbruken i strandsona langs sjøen og langs vassdrag i eit heilskapleg og langsiktig perspektiv. Forvaltinga av strandsona med 100-metersbeltet er av nasjonal interesse. Etter lova skal ein i 100-metersbeltet langs sjø særleg ta omsyn til natur- og kulturmiljø, friluftsliv, landskap og andre ålmenne interesser, jf. pbl. § 1-8. Plan- og bygningslova § 1-8 skal også leggjast til grunn ved utarbeiding av planar. Det må gå klart fram at ei byggjegrænse mot sjø i planen er utforma i tråd med pbl. § 1-8. Strandsoneforvaltninga skal bidra til ei berekraftig utvikling i tråd med FNs berekraftsmål. Kommunane skal leggje statlege planretningslinjer for ei differensiert forvaltning av 100-metersbeltet langs sjø (SPR) til grunn for planlegginga.



I planskildringa, s. 20, blir det vist til samfunnsdelen til kommuneplanen 2020-2040 om sentrumsutvikling, som handlar om «*bustadbygging og fortetting, miljøgate, «byrom» og attraktiv sjøside*». Vi viser til at det er gjennom KPA at ein styrer arealdisponeringa. Forslaget til reguleringsplan er i stor grad ei vesentleg endring av arealføremål i strandsona i høve KPA. SPR gjeld for landareala, men planlegginga bør skje heilskapleg på ein slik måte at det blir god samanheng mellom arealbruk i strandsona, i sjøen og på landområda bak 100-metersbeltet. Avsnitt 6.1 i SPR viser til at planlegginga skal ta omsyn til naturmangfald. Karakteristiske hovudtrekk i landskapet bør oppretthaldast. Verdifulle førekomstar av naturtypar og artar må takast vare på. Det skal leggjast vekt på å ta vare på karakteristiske kulturlandskap, kulturmiljø og enkeltstående eksempel på den særeigne kystkulturen i området.

I KPA er eit større landareal mellom Vestbøstadvegen og Fitjarvika sett av til «andre typar anlegg» (merka «N» for naust i plankartet til KPA). I sjøområdet er det sett av eit areal til småbåtanlegg (merka «SA16» i plankartet til KPA). Arealet i sjøområdet utanfor «SA16» er sett av til «FFNF». I forslaget til reguleringsplanen blir det lagt opp til nytt arealføremål og ei fortetting i dette området som avviker frå arealføremålet i KPA. Forslaget til reguleringsplan opnar her for kombinert føremål med bustad og naust. Vi meiner det er uheldig å trekkje bustader så nært sjøen i strid med KPA, og vi meiner det er uheldig å kombinere bustader og naust på dette viset.

Generelt blir det i store delar av strandsona lagt opp til ein omfattande bruk av kombinerte føremål. Vi meiner dette er uheldig, då det blir gjeve for vide og frie rammer for framtidig utbygging. Innanfor BKB3-5 er det opna for 15 nye bygg. Dersom det blir bygd bustader kan de vere inntil 2 bueiningar pr. bygg, men for BKB3 kan 2 av bygningane ha inntil 3 bueiningar. I planskildringa, s. 30, blir det vist til at det skal nyttast «*detaljregulering for plassering og form på bygga*», men føresegnene 3.13.3 viser til «*situasjonsplan*». Vi er kritiske til at det til dømes for kombinerte føremål naust/ bustad (BKB3-5) ikkje er stilt krav om detaljreguleringsplan. Vi viser til at Fitjar sentrum har eit særskilt kystkulturmiljø, jf. SPR. I føresegnene til KPA 3.8 er det for naust mellom anna vist til «*Det skal vere mogleg for ålmenta å ferdast framfor naust og mellom naust/ naustgrupper. Det er ikkje tillete med gjerde/ levegg eller andre stengslar i naustområde*». I forslaget til føresegner for reguleringsplanen er det opna opp for at «*Det kan fyllast i sjø til føremålsgrrensa eller bygg kan setjast delvis på pelar*», men det manglar ei klargjering i høve allmenne interesser og ålmenta sin tilgang til areala her.

Vi viser til at det manglar føringar i føresegnene for kva type tiltak som skal vere tillate innanfor BSB1-BSB5. Det er behov for å setje rammer for utviklinga innanfor desse areala langs sjøfronten. Eit vesentleg siktemål er å ivareta omsynet til ei langsiktig og heilskapleg planlegging av strandsona. Vi viser til at allemannsretten også gjeld for sjøareala, og vi saknar at omsynet til allemannsretten er tatt tilstrekkeleg omsyn til i føresegnene på dette punktet. Vi viser til at areal sett av til BSB1-5 delvis er meir omfattande enn tilsvarende areal sett av til SA i KPA, og delvis også er lagt til areal sett av til «FFNF».

I forslaget til reguleringsplan er arealet på ytste del av Hegraneset sett av til bustad («B8»). I KPA er dette arealet sett av til «næringsverksemd». Arealet sett av til bustad («B8») dekkjer også delar av sjøarealet, som er sett av til «Kombinerte føremål i sjø og vassdrag» («Natur- og friluftsområde, NF»). Forslaget til føresegner set krav om detaljreguleringsplan for arealet sett av til bustad («B8»), og her er det presisert at «*Byggehøgder, volum, utnyttingsgrad og byggegrenser*» blir fastsett i *detaljreguleringa*. Vi er kritiske til at arealet blir sett av til bustad utan at dette inngår i ei konsekvensutgreiing på områdereguleringsplannivå, og at det ikkje føreligg ei heilskapleg vurdering av ein områdeplan som legg til rette for ein omfattande konsentrasjon av bustadbygging i strandsona. Slik den er utforma no blir forslaget til føresegner for vide og for opne. Områdereguleringa må setje tydelegare rammer for området. Områdereguleringa for denne delen av området må også tydeleggjera og vurdere nærare



strandsonekvalitetene i dette området etter SPR, marint naturmangfold og det må etablerast ein tydleg balanse mellom grøntområde, areal for allmenn ferdsle og utbyggingsareal. Reguleringsplanen for Fitjar sentrum må presisere dette betre i føresegnene og arealvurderinga i plankartet.

I føresegnene 3.12.5 blir det vist til BUN9 og opning for «*Det kan byggjast 1 naust på kvar av eigedomane 64/2, 64/65, 64/66, 64/101, 64/102 og 64/103 innanfor føremålet. Nausta skal vera i tråd med den til ei kvar tid gjeldande KPA kva gjeld naust*». Eigedomane ligg innanfor BUN10 i plankartet, og føresegnene må oppdaterast for samsvar slik at dei viser til rett areal.

Føresegnene bør gje ei nærare skildring av areal sett av til «Næringsbygningar» (BN1) i strandlinja vest i planområdet. Det manglar også ei skildring av BUN11 i føresegnene.

Grunngeving for motsegn

Statleg og regionalt organ kan fremje motsegn i spørsmål som er av nasjonal eller vesentleg regional tyding, eller av andre grunnar er av vesentleg tyding for organet sitt saksområde, jf. pbl. § 5-4. Med omsyn til nasjonale interesser knytt til naturmangfold, strandsoneverdiar og økologisk funksjonsområde for anadrom fisk, så finn vi det naudsynt å fremje motsegn til reguleringsplanen.

I strid med overordna plan

Det går fram av plan- og bygningslova § 5-4 fjerde ledd at motsegn kan fremjast mot planframlegg som er i strid med overordna plan.

Utfyllingsområdet er sett av til o_GP1-4, o_GB1. I tillegg er det for tilgrensande arealføremål opna opp for utfylling i sjøområdet til føremålsgrensa, jf. forslag til føresegn for BBB1, HOI1 og BH1. I overordna plan er det aktuelle arealet vist som omsynssone H910 i KPA, som viser at reguleringsplan framleis skal gjelde. I reguleringsplan for Fitjar sentrum (2007) er det aktuelle arealet sett av til «Friluftsområde i sjø og vassdrag» (FS). Nord for elvemunninga så er arealet i sjøområdet sett av til «Kombinererte føremål i sjø med tilhøyrande strandsone» i KPA. Det er ikkje opna for tiltak av denne størrelse eller omfang i overordna planar. Planframlegget er i strid med overordna planar.

I nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2019-2023 viser regjeringa til at dei forventar at berekraftsmåla blir lagt til grunn for samfunns- og arealplanlegginga. FN sine berekraftsmål (delmål 14.2) viser til «*Innen 2020 forvalte og beskytte økosystemene i havet og langs kysten på en bærekraftig måte for å unngå betydelig skadevirkninger, blant annet ved å styrke økosystemenes motstandsevne og ved å iverksette tiltak for å gjenoppbygge dem, slik at havene kan bli sunne og produktive*». Delmål 15.1 viser mellom anna til «*Innen 2020 bevare og gjenopprette berekraftig bruk av ferskvannsbaserte økosystemer og tjenester som benytter seg av disse økosystemene*». Vidare er dei nasjonale forventningane tydelege på at kommunane identifiserer og tek omsyn til «*viktig naturmangfold, friluftslivsområde, overordna grønstruktur, kulturhistoriske verdiar, kulturmiljø og landskap i planlegginga. Samla verknader blir tekne omsyn til*». Vi meiner at den planlagde utfyllinga i elvemunninga til Fitjarelva ikkje er i samsvar med nasjonale forventningar til kommunal planlegging.

Utfylling i elvemunninga til Fitjarelva og naturmangfold

Fitjarelva (vassdragsnr. 044.6A) renn ut i Fitjarvågen ved Fitjar sentrum. Ved utløpet av Fitjarelva i Fitjarvågen er det eit gruntområde som delvis er danna av sediment frå elva. Naturtypen er registrert som «Bløtbunnsområder i strandsonen» og er i KU-en rekna som lokalt viktig. Sjølv om strandlinja delvis har blitt modifisert, så finn Rådgivende Biologer AS at den naturlege dynamikken er uforstyrta. Forslaget til reguleringsplan legg opp til ei omfattande endring av elveutløpet i Fitjarelva, og til ei større utfylling i sjøområdet. Føremålet med utfyllinga er å realisere, jf. s. 46 i planskilddinga:




«

- *Ny sjøfront med kyststi*
- *Torg/ allmenning*
- *Badestrand/ badstu*
- *Utløysande for bustadbygging i området ved Sjøstrand*
- *Felles småbåthamn utanfor gjestehamna ved Larsenbygget*
- *Kyststi*

«

Det er gjennomført ei konsekvensutgreiing av naturmangfald og ei verdivurdering av naturmangfald i elvemunninga av Fitjar elva. I rapporten «*Fitjar sentrum – elvemunning: verdivurdering for naturmangfold*» (Rådgivende Biologer, rapport nr. 3371) blir det skrive: «*Naturmangfoldet samlet er vurdert å ha middels til stor verdi i elvemunningen til Fitjar elva, som inkluderer delområde 2 og 3. Sjøbunnen ved delområde 1 er i høyere grad modifisert. Hverdagsnatur i området er vurdert å ha noe verdi*». Rådgivende Biologer AS skildrar området slik: «*Under befaring den 26. januar 2021 ble det observert sjøfugl i rødlistekategori nær truet, forekomst av flatøsters i rødlistekategori nær truet og forekomst av vanlig sandskjell i rødlistekategori sårbar. Elvemunningen fremstår som et område hvor den naturlige dynamikken av sedimentering og erosjon av bløtbunnen i strandsonen er uforstyrret, selv om strandlinjen ved tilgrensende strender delvis er modifisert. Funn av tallrike skjellrester på grusbanker og sand/grusstrender tyder på at dette er et produktivt område som trolig blir nyttet som beiteområde av fugl, oter og fisk. Slike elvemunninger med rik bunnstrukturering er også av betydning for utvandrende smolt av sjøaure*».

Konsekvensutgreiingsforskrifta § 21 viser til at ein skal identifisere og skildre faktorane som kan bli påverka og vurdere vesentlege verknader for miljø og samfunn. Rådgivende Biologer AS har følgjande fagleg tilråding, s. 4, «*Det er anbefalt å unngå utfylling i sjø i delområde 2 og 3, med direkte tilknytning til elvemunningen*». Sjølv ved nytt forslag til utfylling i delområde 2 og 3, så tek ikkje planforslaget tilstrekkeleg omsyn til vesentlege verknader for naturmangfaldet, jf. naturmangfaldlova §§ 7-12.






Vi viser også til at planforslaget ikkje tek tilstrekkeleg omsyn til forvaltningsmål for naturtypar og økosystem, og forvaltningsmål for artar, jf. naturmangfaldlova §§ 4 og 5. Planane om utfylling kring elvemunninga av Fitjarelva og utfylling i sjøområdet vil vere særskild uheldig. Blautbotnområdet i strandsona ved elvemunninga er økologisk funksjonsområde for flatøsters, vanlig sandskjell, oter og sjøaure. Elvemunninga med gruntområde er også eit leveområde for raudlista sjøfugl, jf. rundskriv t-2/16 – revidert februar 2021, avsnitt 3.6. I konsekvensutgreiinga blir det også føreslått at det blir gjennomført ei oppfølgjande undersøking av naturmangfald på land, og eventuelt marint naturmangfald på grunnene nord for elvemunninga.

Omsyn til viktige økologiske funksjonsområder for fisk

Rådgivende Biologer AS viser i rapporten «*Fitjar sentrum, elvemunning Fitjarelva: konsekvensutredning for naturmangfold*», s. 4, til at: «*Fitjarelva har et samlet anadromt areal av ca. 20 000 m². Elven synes å ha gode kvaliteter for gyting og oppvekst av sjøaure og under forutsetning av at det ikke er for oss ukjente begrensninger for fiskens gyting eller oppvekst i elva anslås produksjonen av sjøauresmolt til 2000 (10 smolt/100 m²). Dette er i tilfelle stort nok antall til at elva sannsynligvis har en stedegen bestand av sjøaure. Auresmolten vandrer ut fra elven og til sjøen i siste halvdel av april og utover i mai. I den tidlige fasen av sjøoppholdet beiter auren på grunne områder i nærheten av elva*». I rapporten «*Habitatkartlegging og forslag til tiltak i 21 sjørrøttvassdrag i Vestland fylke i 2021*» så er hydrologisk status rekna som «moderat» og morfologisk status er rekna som «moderat». Det blir føreslått ei rekkje tiltak for å optimalisera forholda for sjøauren i Fitjarelva. Imidlertid er økologisk status for fisk rekna som «svært god» og habitatforholda er rekna som «god» i Fitjarelva. Anadrom-strekning er på om lag 3 km i Fitjarelva.

Elvemunninga med gruntområda og naturtypen med blautbotn er eit viktig økologisk funksjonsområde for sjøauren i Fitjarelva. Lakse- og innlandsfiskelova skal sikre at naturlege bestandar av anadrom laksefisk blir forvalta i samsvar med naturmangfaldlova, og sikre at leveområda ikkje blir forringa. Omsynet til fiskeriinteressene og ivaretaking av økologisk funksjonsområder for fisk skal innpassast i planar etter plan- og bygningslova i kommunen, jf. lakse- og innlandsfiskelova § 7 første ledd. Motsegn skal vurderast når føreslått ny arealbruk kjem i konflikt med desse omsyna. Forslaget om å endre elveutløpet og utfylling kring elvemunninga til Fitjarelva vil vere i konflikt med ivaretaking av viktig økologisk funksjonsområde for sjøaure. Vi meiner at det ikkje er tatt tilstrekkeleg omsyn til viktig økologisk funksjonsområde for sjøaure i planforslaget, jf. rundskriv T-2/16 – revidert februar 2021, avsnitt 3.6. Planforslaget om utfylling i dette området må etter Statsforvaltaren sitt syn takast ut av reguleringsplanen.



Til venstre, flytfoto av område i 2021. Til høgre, flyfoto av området i 1969 (kjelde: Norge i Bilder, Statens kartverk).



Strandsone langs sjø og vassdrag

Ivaretaking av strandsona i 100-metersbeltet er av nasjonal interesse. Reguleringsplanen legg opp til ei omfattande, utfylling i sjøområdet, noko som er konfliktfylt i høve strandsonevernet. Innanfor 100-metersbeltet i strandsona er det eit generelt forbod mot tiltak, jf. pbl. §§ 1-6 og 1-8. Planforslaget er i strid med strandsonevernet i plan- og bygningslova. Målet er å ivareta allmenne interesser og unngå uheldig utbygging langs sjøen, jf. statleg planretningslinjer for differensiert forvaltning av strandsona langs sjøen. Kommunane er oppmoda om å vurdere arealbruken i strandsona langs sjøen i eit heilskapleg og langsiktig perspektiv, og skal særleg ta omsyn til naturmangfald, kulturmiljø, friluftsliv, landskap og andre allmenne interesser, jf. Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2019-2023. Planforslaget er i konflikt med dei omsyn lova og statleg planretningslinje for differensiert forvaltning av strandsona langs sjø legg til grunn, jf. T- 2/16 – rev. februar 2021, avsnitt 3.11.

Vassforskrifta

I planskildringa, s. 51, er det gjennomført ei vurdering etter vassforskrifta § 12 (FOR-2006-12-15-1446). Miljømåla gjeld også på prosjektnivå. Føremålet med vassforskrifta er å sikre ei mest mogleg heilskapleg beskyttelse og berekraftig bruk av vassførekomstane, jf. vassforskrifta § 1. Vi viser til at fiskefauna inngår som eit biologisk kvalitetselement for elver og brakkvatn, jf. vedlegg V, punkt 1.1 i vassforskrifta. Fitjarelva høyrer til vassregion Vestland. Regional plan for vassregionen skal leggjast til grunn, jf. pbl. § 8-2. Vassforskrifta skal sikre at vassførekomstar skal oppnå god økologisk tilstand og god kjemisk tilstand. Miljømåla er bindande og unntak kan berre tillatast om dei kumulative vilkåra etter vassforskrifta § 12 er oppfylt. Vi kan ikkje sjå at det er gjennomført ei tilstrekkeleg vurdering av vassforskrifta § 12.

Byggjegrænse og arealføremål i forslag til reguleringsplan

For arealføremåla «Bustadblokker» (BBB1) og «Helse/omsorgsinstitusjon» (HOI1) blir det føreslått at det kan fyllast i sjø til føremålsgrensa. For BH1 kan det fyllast i sjø som vist i forslaget til plankart. Utfylling i sjø for arealføremåla i dette området må, slik vi ser det, takast ut av føresegnene. Arealføremåla må trekkjast attende frå strandlinja slik den er i dag. Byggjegrænsene mot sjø må også trekkjast attende, og det må gjerast nye vurderingar av strandsoneverdiene i området. Vi viser til at byggjegrænse mot sjø og føremålsgrenser avvik frå det som var fastsett i reguleringsplanen for Fitjar sentrum (2007). Ved fastsetjing av byggjegrænse mot sjø må det gå klart fram korleis strandsoneverdiene er vurdert, jf. pbl. § 1-8 og rundskriv T-2/16 – rev. februar 2021, avsnitt 3.11.



Til venstre, utsnitt frå forslag til reguleringsplan for Fitjar sentrum. Til høgre, plankart til reguleringsplan for Fitjar sentrum (Nasjonal arealplanid: 4615_200703; ikraftsetjing 19.09.2007).



Føremålet med konsekvensutgreiingar er at omsynet til miljø og samfunn skal takast omsyn til i førebuinga av planar og tiltak, og når det blir tatt stilling om og på kva vilkår planen eller tiltak lèt seg gjennomføra. Eit viktig omsyn her er utgreiing av «*relevante og realistiske alternativer*», jf. konsekvensutgreiingsforskrifta §§ 14 og 19. Særleg burde dei samla verknadene av planforslaget blitt drøfta, jf. konsekvensutgreiingsforskrifta § 21 tredje ledd.

Dei samla punkta ovanfor er grunnlaget for vår motsegn. Motsegna gjeld dei grunnleggande vurderingane for planen og gjeld då for heile planområdet. Vi gjer merksam på at kommunen ikkje kan vedta reguleringsplanen med bindande juridisk verknad når det ligg føre motsegn. Kommunen må ta stilling til om ein ønskjer mekling i saka, jf. pbl. § 5-6.

Med helsing

Nils Erling Yndesdal
kommunaldirektør

Egil Hauge
seksjonsleiar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:

Vestland fylkeskommune
Norges vassdrags- og energidirektorat - NVE

Postboks 7900
Postboks 5091 Majorstua

5020 BERGEN
0301 OSLO